



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

CONSULENTPARTNER AS  
Eidemsbakken 1  
6440 ELNESVÅGEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	26.03.2021	47011/2021/REGULERINGSPLAN/1579	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	07.05.2021

## Hustadvika kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Fræneide - Stølen Masseuttak - fråsegn ved varsel om oppstart

*Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske demokratiet. Fylkestinget er øvste mynde.*

*Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.*

*[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.*

*Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.*

Det er varsla oppstart av reguleringsarbeid på Fræneide – Stølen masseuttak, og området er i kommuneplanen sett av til LNF-føremål. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå våre ansvarsområde følgande merknader:

### Planfagleg vurdering

Hustadvika kommune er i gang med kommuneplanen sin arealdel, som skal erstatte gjeldande planer for tidlegare Eide og Fræna kommune. Vi rår til at ein i utgangspunktet bør avklare større masseuttak i overordna plan.

### Samferdsel

Fylkesveg 64 har ein årsdøgntrafikk på 3010 køyretøy, og fartsgrense på 80 km/t. Fylkesvegen er i vedtatt rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar gitt haldningsklasse meget streng. I denne haldningsklassen skal talet på direkte avkøyrslar til fylkesvegen vere svært avgrensa. Nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, utanom til primærnæring som er bunden til areala, blir berre godkjent etter reguleringsplan, og i tråd med kommune(del)plan.

Avkøyrslar må regulerast etter gjeldande vegnormalar.

Ein må vidare i planarbeidet ivareta fylkesvegens trafikktryggleik og framkomelegheit.

### **Automatisk freda kulturminne**

Vi vurderer planområdet til å ha potensiale for automatisk freda kulturminne, særleg knytt til utmarksaktivitet. Døme på slike kulturminne kan vere fangstgroper, jarnframstillingsanlegg, kolgroper, kolmiler og tjæremiler. Området som i dag består av skogkledd utmark kan også ha potensiale for busetjingsspor frå bronse-jarnalder. Desse kan bestå av graver, rydningsrøyser og andre spor etter dyrking. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i Kulturminnelova (KML). Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett, i tråd med dei nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Budsjettet er eit maksimumsbudsjett. Vesentlege uføresette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Vi minner om at det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidligare år. Dei nye satsane gjeld frå 16.10.2020.

I utmarksområdet vil det verte gjennomført ei visuell synfaring, medan dyrka marka må undersøkjast med gravemaskin. Det vil i dette området vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnader til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette. Gravemaskina bør helst vere 8-12 tonn, og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,20 m breidd. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder og vegar er tiltakshavars ansvar viss ikkje anna er avtalt.

All korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det vere ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i planprosessen. Eventuelle funn kan få innverknad på korleis planen vert utforma. Om ein utsett registreringa til planen er ute til offentleg ettersyn, kan dette forseinke saksgangen fram mot endeleg planvedtak

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føreset at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura. Fakturadresse må vere ei e-postadresse, fortrinnsvis ei firma-adresse.

### **Landbruk**

Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal har som mål at ein skal omdisponere maksimum 200 dekar dyrka jord innan 2021. Planområdet på om lag 140 dekar består i hovudsak av areal registrert som produktiv skog, og vi rår til at teigen med fulldyrka jord blir tatt ut av planområdet. Vi ser positivt på at det ligg i planane at nydyrking ligg som ein del av det å føre tilbake området.

### **Konklusjon**

- Vi stiller krav om arkeologisk registrering, jf. § 9 i Kulturminnelova (KML).
- Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg i prosessen.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Ingeborg Forseth  
rådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur*

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ane Øie Jordahl, tlf. 71 28 01 69

Automatisk freda kulturminne: Rådgivar-arkeolog Susanne Busengdal tlf. 98 63 17 74

Vedlegg: §9 arkeologisk budsjett Fræneide – Stølen masseuttak

Kopi:

Hustadvika kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

NVE

Direktoratet for mineralforvaltning